


FRAMLEGG TIL REGULERINGSFÖRESEGNER FOR BYGGEOMRÅDE  
PÅ KLÖVHEIM.

§ 1

Det regulerte området innenfor grensene for planen skal  
nyttast til:

Bustadområde  
Offentleg område  
Offentleg friområde  
Trafikkområde



BUSTADOMRÅDE

Fellesföresegner.

§ 2

Bygningane skal plasserast innanfor dei regulerte byggegrensene  
og med möneretning som synt på planen.

Bygningsrådet skal sjå til at plasseringen fell naturleg inn  
i lendet med omsyn til utsikt og soltilhöve, og dei lokale  
terrengtilhöve og fasaderetninger tilpassa ein naturleg del  
av bebyggelsen.

§ 3

Bygningane skal byggjast i ei högd, men bygningsrådet kan  
tillata underetasje der dette fell naturleg inn i lendet.

§ 4

Bygningsrådet skal sjå til at bygningane får god form og  
materialhandsaming. Farge på husa skal godkjennast av  
bygningsrådet.

§ 5

Det vert ikkje tillete oppsett gjerde i tomtegrensa. Tomtane  
kan inngjerast med busk og hekkplanting og kantstein.  
Bygningsrådet kan likevel godkjenna gjerde der dette skal tjena  
som sikring mot fare.

## § 6

Tørkestativ skal plasserast slik at dei vert til minst mogleg ulempe for grannar. Plasseringa skal godkjennast av bygningsrådet.

## § 7

Plassering av søppelspann skal godkjennast av kommunen sin tekniske etat.

## § 8

Oppfylling av terreng i meir ein 1 m högd over det naturlege, og oppføring av mur mot offentleg veg i meir enn 20 cm högd, skal godkjennast av bygningsrådet.

## § 9

Eksisterande større tre bør bevarast mest mogleg. Tomtane må ikkje plantast til slik at det etter bygningsrådet sitt skjønn vert til ulempe for grannar eller ferdsle.

## § 10

Butikkar og kontor kan ikkje etablerast i bustadområdet utan bygningsrådet sitt samtykke.

## § 11

Opparbeiding av leikeplassane skal meldast til og godkjennast av bygningsrådet.

## Område for frittliggjande småhus.

## § 12

Bygningane skal ha mønetak eller valmfak med takvinkel på 20° - 25°. Takoppbygg og nedskjæring i takflata vert ikkje tillet.

### § 13

For kvar bustad skal det, utanom garasje eller parkeringstak, vera oppstillingsplass for minst ein bil på eigen grunn.

### § 14

Garasje skal berra förast opp i ei högd med største grunnflate på 25 m<sup>2</sup>.

### § 15

Plassering av garasje skal meldast til bygningsrådet saman med bustadhuset, sjölv om garasjen ikkje skal förast opp samtidig.

### Område for kjedehus og eller rekkehus.

### §16

Bygningsrådet kan forlanga ein utbyggingsplan for heile området eller del av dette med angjeving av adkomst, garasje, parkering og felles areal.

### § 17

Arealet skal bebyggast med 6 til 8 husvære i form av rekkehus eller kjedehus.

### § 18

Bygningane kan ha mönetak eller flatt tak. Takoppbygg eller nedskjæring i takflata vert ikkje tillete.

### § 19

Kvart husvære skal ha areal for garasje, og for parkering skal det avsetjast areal for kvart andre husvære.

## OFFENTLEG BYGGEOMRÅDE.

### § 20

Området skal utnyttast til plassering an renseanlegg for kloakk, lagerplass og parkering for drift av anlegget.

### § 21

Utbygging av området skal meldast til og godkjennast av bygningsrådet.

## OFFENTLEG FRIOMRÅDE.

### § 22

Eksisterande vegetasjon skal ikkje fjernast utan samtykke av bygningsrådet.

### § 23

Bygningsrådet kan tillata fellesinnretningar som leikeutstyr, gangveggar og beplantningar.

## TRAFIKKOMRÅDE.

### § 24

Gangvegane som er opparbeidt i 2,5 m planeringsbreidde er laga kjørbare, men dei skal ikkje nyttast til bilkjøyring for anna ein vanleg vedlikehald.

### § 25

Tomtegrensa skal gå inntil regulert veg- og gangvegline. Ytterkant- kantstein- og mur kan plasserast langs denne lina.

### § 26

Teknisk etat kan forlanga stikkrenne langs offentlig veg under private avkjørsler.

ANDRE FÖRESEGNER.

§ 27

Transformator kioskar og stolpar for elektrisitet og telefon skal plasserast så diskret som mogleg. Stolpane bör plasserast i grenseskilje mellom tomtane.

§ 28

Mindre unnatak frå desse føresegnene kan tillatast av bygningsrådet når særlege grunnar talar for det, men berre innanfor ramma av bygningslova og dei generelle bygningsvedtekter for Lindås kommune.

§ 29

Det er ikkje høve til ved privat servitutt å skapa tilhøve som kjem i strid med desse reguleringsføresegnene.

Lindås Kommune 26. 9. 74.  
*O. E. E.*